



HYSKJET @ NATURRESERVAT

 Hyskjett naturreservat vart oppretta i 2003 i medhald av naturvernlova. Formålet med vernet er å ta vare på ei av dei best utvikla edellauvskogliene langs fjordane på Sunnmøre. Reservatet er på 0,5 km².

Området

Reservatet grenser i vest og nord til Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. I aust til Ørnevegen og utkikksplassen.

Det var tidlegare eit kulturlandskap, men er nå i attgroing frå eit tidlegare opent område til naturskog.

Varmekjære artar

Denne sørsvende lia vekslar mellom tørre og fuktige område. Ho har ei kraftig og direkte innstråling av sol og varme om vår og sumar. Dette saman med næringssrik jord gir gode levevilkår for edellauvskogartar som alm, hassel og ask. Det er mest hassel vest i reservatet.

Plantelivet

Skogbotnen har eit rikt planteliv som til dømes ramslauk, tannrot, krathumleblom, storklokke, sanikel, myrske, brudespore, fagerperikum og humle. Ein finn grov nattfiol som er spesiell på grunn av god lukt om kvelden og natta.

Dei vanlegaste vegetasjonstypene er alm-lindeskog, grær-almeskog og grær-heggeskog. I skogen er det både vanleg bjørk, hengebjørk og furu.

Dyrelivet

Det er få kunnskapar om dyrelivet i reservatet, men det mest interessante funnet til nå er den sjeldne sommarfuglen stor bloddråpesvermar.

Forvaltningsplan

Det er laga ein forvaltningsplan for reservatet som gir nærmare informasjon om verneverdiane, framtidige skjotselsbehov og aktuelle truslar. I forvaltningsplanen kjem det mellom anna fram at hjorten skader almen med omfattande gnaging av bark og unge tre.

UTDRAG FRÅ VERNEFORSKRIFTA

Vernet er ikkje til hinder for tradisjonelt friluftsliv og sanking av bær og matsopp. Men vi vil be om at du:

- viser omsyn til tre, plante- og dyrelivet. All vegetasjon er freda mot ein kvar skade.
- respekterer at motorisert ferdsel er forbode.

I reservatet er det elles forbod mot mellom anna hogst, terrenginngrep og utbygging.



Verneforskrifta og annan utfyllande informasjon om reservatet er lagt ut på www.naturbase.no og www.miljostatus.no

FORVALTNING, INFORMASJON OG OPPSYN

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset. Tlf. 71 25 80 00

Statens naturoppsyn, Åndalsnes, Tlf. 73 58 05 00

www.fylkesmannen.no - www.naturopsyn.no



HYSKJET @ NATURE RESERVE

 Hyskjett Nature Reserve was established in 2003 under the Nature Conservation Act. The purpose of conservation is to preserve one of the best-developed forest slopes with broad-leaved deciduous trees along the fjords in the Sunnmøre region of western Norway. The area of the reserve is 0.5 km².

The area

The reserve borders the Geiranger-Herdalen landscape protection area in the west and north, as well as the Ørnevegen road and the viewpoint in the east.

It was formerly a cultivated landscape, but reforestation from a previously open area to natural forest is now taking place.

Warm temperature species

This south-facing slope alternates between dry and moist areas. It is exposed to strong direct sunshine and warmth in spring and summer. Together with fertile soil, this provides a good habitat for broad-leaved deciduous forest species such as elm, hazel and ash. Hazel predominates in the western part of the reserve.

Flora

The rich flora of the forest floor includes plants such as bear's garlic, coralroot, avens, giant bellflower, sanicle, woodruff, fragrant orchid, slender St John's wort and hops. The greater butterfly orchid emits a sweet fragrance during the evening and the night.

The most common types of vegetation are elm-linden forest, grey alder-elm forest and grey alder-bird cherry woodland. Trees in the forest include common birch, silver birch, and pine.

Fauna

We know little about the animal life of the reserve, but the most interesting discovery so far is the rare moth Zygaea lonicerae (narrow-bordered five-spot burnet).

Management plan

A management plan for the reserve has been prepared, with more detailed information about its conservation value, future management needs and relevant threats. The management plan indicates that red deer are harming the elms, with extensive gnawing of bark and saplings.

EXCERPT FROM THE CONSERVATION REGULATIONS

Traditional outdoor activities as well as gathering of berries and edible mushrooms are permitted in terms of the regulations. However, please:

- show consideration to trees, flora and fauna.
- All vegetation is protected from damage of any type.
- respect the prohibition on motor traffic.

In the reserve, felling of trees, interventions in the terrain and development are prohibited, among other activities.

The conservation regulations and other supplementary information about the reserve are available at www.naturbase.no and www.miljostatus.no

MANAGEMENT, INFORMATION AND SUPERVISION

County Governor of Møre og Romsdal, Fylkeshuset. Telephone (+47) 71258000
Norwegian Nature Inspectorate, Åndalsnes, Telephone (+47) 73580500
www.fylkesmannen.no - www.naturopsyn.no

